



Hordaland Fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referansar:

Dykkar:

Vår: 14/1513 - 17/2128

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

17.02.2017

Søknad om tilskot til innlegging av prioriterte kulturminne i Askeladden

Radøy kommune søker om kr 50 000 i støtte til arbeidet med innlegging av prioriterte kulturminne i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.

Radøy kommune er godt i gang med kulturminneplanarbeidet. Formannskapet vedtok i møte 5. juni sak 042/2014 oppstart av arbeid med kulturminneplan for Radøy kommune. Planprogrammet vart vedtatt i kommunestyret 29. januar 2015. I perioden sidan planforslaget vart vedtatt har me gjennomført ei kartlegging av gjennomførte registreringar, gjennomført nye registreringar av kulturminne i ein del av dei områda der det mangla registreringar, og me er no i gang med å skriva sjølve planen. Me ser for oss at planforslaget vert lagt ut på høyring i september 2017 og at endeleg vedtak vert gjort i desember 2017.

Radøy kommune har vedtatt at kulturminneplanen skal vera ein temaplan. Sjølve planen skal vera avgrensa til faste kulturminne og ha særleg vekt på kulturminne som er særmerkte for vår kommune, eller der regionen er kjerneområde. Eit viktig satsingsområde i planen er formidling av kulturminne.

Arbeidet med å leggja kulturminna inn i Askeladden vil starta hausten 2017 og skal fullførast i første del av 2018. Me ser for oss å bruka om lag to månadsverk på dette stipulert til kr 115 000 kroner. I tillegg til evt tilskot frå Riksantikvaren, vert dette finansiert med egne midlar.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Kopi til:

Hordaland Fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga v/Elizabeth Warren
Postboks 7900

5020

BERGEN

Mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900

5020

BERGEN